

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet

Møtestad: Teams -

Dato: 16.03.2021

Tid: 10:00 -14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Parti	Funksjon
Bjarne Eiof Holø	SP	Ordførar
Marit Sletten	SP	Varaordførar
Trond Volden	BL	Medlem
Kjell Brandsar	LL	Medlem
Sigrun Garmo	AP	Medlem

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Parti	Funksjon
------	-------	----------

Faste medlemmer som ikke møtte:

Namn	Parti	Funksjon
------	-------	----------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Elin Fjeldberg	Administrasjonssjef
Synne Skogsrud	Kommunalsjef helse og omsorg
Sander Sælthun	Rådgjevar
Anne Silje Berg	Yenesteleiar PBM
Trond Byre-Haakensen	Kommunalsjef samfunnsutviling, kultur og fellestenester

Merknad i møte:

Godkjenning av møteinnkalling

Samrøystes
Godkjenning av sakliste
Samrøystes

Møteprotokollen blir godkjent i neste møte

Saksliste

Utval-saksnr.	Innhald
PS 2021/13	Godkjenning av protokoll
OS 2021/5	Reglement for politiske organ og evaluering av delegeringsreglement
PS 2021/14	Innføring av Helsefelleskap i Innlandet
PS 2021/15	Forslag til planprogram - kommuneplanen sin samfunnsdel
PS 2021/16	Regulering av camping ved turisthytter og andre friluftsområde – åtferdsreglar med heimel i friluftsløva § 15
PS 2021/17	Søknad om skjenkeløyve - OGRO Holding SA
PS 2021/18	Svar på søknad om tilskot til museumshall til OKB-samling
PS 2021/19	Tildeling av næringstomt i industriområdet - Gjeisar Maskin AS
OP 2021/3	Open post

PS 2021/13 Godkjenning av protokoll

Saksprotokoll i Formannskapet 16.03.2021:

Behandling

Vedtak

Protokoll frå formannskap 23.2. er godkjend

Samrøystes

OS 2021/5 Reglement for politiske organ og evaluering av delegeringsreglement

Saksprotokoll i Formannskapet 16.03.2021:

Behandling

Formannskapet drøfta reglementet og hadde fylgjande innspel: Når det gjeld innmelding av spørsmål til saker som skal handsamast i påfylgjande møte må det vera rom for å melde desse inn seinare enn 5 dagar før møte. Når det gjeld delegering til utvala må ein legge opp til at utvalet skal ha vedtaksmynde, eller innstillingsrett direkte til kommunestyret. Formannskapet ber utvala om å handsame reglementet , slik at formannskapet tek med seg dei innspela inn i vurderinga før innstilling til kommunestyret.

PS 2021/14 Innføring av Helsefelleskap i Innlandet

Saksprotokoll i Formannskapet 16.03.2021:

Behandling

Administrasjonssjefen v/kommunalsjef Synne Skogsrud innleia

Formannskapet stilte spørsmål ved om framdrifta blei utfordra fordi neste møte i kommunestyret i Lom er i mai. Formannskapet slutta seg til å sende vedtaket frå formannskapet slik det nå ligg og ettersende vedtak frå kommunestyret når det ligg føre.

Vedtak

1.Lom kommune inngår i partnerskapet «Helsefelleskap Innlandet» i tråd med modell for Helsefelleskap mellom Sykehuset Innlandet HF og 42 kommunar i opptaksområdet.

2.Lom kommune vedtek å slutte seg til samarbeid med «Helseregion Nord-Gudbrandsdal», etter forslag i vedlegg 1.

3.Avgjerder i helsefelleskapet blir basert på semje mellom partane. Helsefelleskapet kan ikkje binde kommunane i prinsipielle spørsmål.

4.Lom kommune støttar etablering av ein interkommunal samhandlingsressurs i 100% stilling. Arbeidsgjevaransvaret blir tillagt Ringsaker kommune, som søker om tilskot til kommunal sekretariatsfunksjon for helsefelleskapet på vegne av kommunane i Helsefelleskap Innlandet. Lom kommune vil bidra med delfinansiering av interkommunal samhandlingsressurs med kr 5000,- pr. kommune og eit kronebeløp pr. innbyggjar (2,50 for 2021).

5.Finansiering med kr. 10.510 blir finansiert gjennom bruk av disposisjonsfond.

Administrasjonssjefen får fullmakt til å gjera naudsynt budsjettendring.

Samrøystes

PS 2021/15 Forslag til planprogram - kommuneplanen sin samfunnsdel

Saksprotokoll i Formannskapet 16.03.2021:

Behandling

Vedtak

Formannskapet vedtek å sende forslaget til planprogram på høyring og legge det ut til offentleg ettersyn i seks veker. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-13.

Høyringa blir kunngjort i Fjuken og på kommunen si heimeside.

Samrøystes

PS 2021/16 Regulering av camping ved turisthytter og andre friluftsområde – åtfærdsreglar med heimel i friluftlova § 15

Saksprotokoll i Formannskapet 16.03.2021:

Behandling

Ordførar stilte spørsmål om habiliteten sin i behandlinga av saka fordi han er medeigar i ei av dei berørte turisthyttene.

Varaordførar overtok leiinga av møtet

Varaordfører sin innstilling: ordfører er innhabil

Votering

Ordfører er innhabil i behandling av saka

Samrøystes

Vedtak

Formannskapet vedtek med heimel i Lov om friluftsliv av 28. juni 1957 nr.16 å leggje forslag til ny forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring turisthytter og mykje brukte friluftsområde i Lom kommune ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Høyringa blir kunngjort ved annonse i Fjuken og på kommunen si heimeside.

Samrøystes

PS 2021/17 Søknad om skjenkeløyve - OGRO Holding SA

Saksprotokoll i Formannskapet 16.03.2021:

Behandling

Vedtak

Med heimel i alkohollova § 1-7 fyrste ledd får OGRO Holding SA 993321265 løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gr. 1, 2 og 3 fram til 21.04.2024 på fylgjande vilkår:

Skjenkestad: Grjotheim Gardspub 3. etasje i Lom Bryggeri, Liavegen 367

SKJENKEAREAL INNE - totalt 93 m² og 40 plassar til gjester:

Pub og galleridel.

Pub: Låve-pub med 4 meters bardisk mot vest i areal og ope areal utan skilleveggar. Stort toalett med handicap standard for gjestene i hjørne mot sør og galleri. Arealet er nybygd i 2021.

Galleri: Del over produksjonshall i stål og glas.

Langbenker til å sitje på i begge areala med tanke på øl-smakingar. Det blir elles nytta bord og stoler som blir tilpassa i høve arrangement, smittevernreglar og anna.

SKJENKEAREAL UTE - totalt 66 m² og 40 plassar til gjester:

Inngang til pub og terrasse.

Grovt bygd terrasse med impregnert virke. Langbord og vanlege bord og stolar som blir nytta til og sitja på. Stort ope areal med oversikt frå inne i pub gjennom glas. Avstengt trappeareal med kjetting ned til 2. etasje (berre for personell) Inngang for gjester er inn på terrasse.

Skjenketid:

	Inne	Ute
Gruppe 1 (øl)	08.00-02.00	08.00-02.00
Gruppe 2 (vin)	08.00-02.00	08.00-02.00
Gruppe 3 (brennevin)	13.00-02.00	13.00-02.00

Styrar: John Are Grjotheim

Stedfortreder: Ola Gjeilo

Samrøystes

PS 2021/18 Svar på søknad om tilskot til museumshall til OKB-samling

Saksprotokoll i Formannskapet 16.03.2021:

Behandling

Forslag frå Trond Volden:

Løyving blir auka til 175.000, elles lik innstillinga frå administrasjonssjefen

Votering:

Løyving blir auka til 175.000, elles lik innstillinga

Samrøystes

Vedtak

Lom kommune løyver kr. 175 000 i tilskot til bygging av museumshall med OKB-samling.

Tilskotet blir utbetalt direkte til Sletta Eigedom III AS, organisasjonsnummer 920 898 033, kontonummer 20855416415. Det er ynskjeleg å få tilsendt ein kort rapport når tiltaket er gjennomført.

Løyvinga blir finansiert frå disposisjonsfondet, med slik budsjettendring:

Utbetaling tilskot 1470 – 405 – 3250 Kr. 175.000

Finansiering 1940 – 405 – 3250 Kr. -175.000

Samrøystes

PS 2021/19 Tildeling av næringstomt i industriområdet - Gjeisar Maskin AS

Saksprotokoll i Formannskapet 16.03.2021:

Behandling

Vedtak

Gjeisar Maskin AS får tildelt inntil 3,1 daa av gnr. 37 bnr. 3 som næringstomt (festetomt), avgrensa slik det går fram av søknad og vedlagt kartutsnitt. Kostnader til kartforretning/ oppmåling og opparbeiding av tomta skal dekkast av festar.

Det blir gjeve ei frist på 14 dagar etter vedtaksdato til å akseptere eller avslå tildelinga. Ved aksept vil det bli inngått ei festekontrakt med kommunen, som skal tinglysast. Ordførar får fullmakt til å inngå kontrakt.

Arealet ligg i fleire faresoner og byggeplikten fell difor bort.

Refusjonsavgifta blir halvert fordi deler av tomta har redusert bruksverdi. Refusjonsavgifta vert satt til kr. 33,75 pr. m2. Den ordinære satsen er kr. 67,50 pr. m2. Det vil bli krav om full festeavgift, som i dette tilfellet er på kr. 2,50 pr. m2.

Samrøystes

OP 2021/3 Open post

Saksprotokoll i Formannskapet 16.03.2021:

Behandling

1. Leiarutviklinga har fått tilsagn på OU-midlar slik det er gjort føresetnader om i budsjettet

2. Situasjon pleie og omsorg - førebels melding:

Beleggsprosenten på institusjonen varierar ut frå behovet pr tid. Til grunn for vedtak om helsetenester ligg det alltid ei behovskartlegging og det er tildelingskontoret som fattar vedtak for kommunen. Pr i dag er det fullt på LHH og tenesta opplever eit press ut frå behovet. Pågangen på tenester varierer, slik er det, og slik sett er det også det normale det som tenesta no opplever. På Lom helseheim står avd. 2 tom. Det har den gjort over tid. Avdelinga fungerer også som ei regional beredskapsavdeling i samband med Covid-pandemien. Kommunen har fortløpande moglegheit til å utvide antal plassar ved å nytte rom på denne avdelinga, men i neste omgang handlar dette om ressurstilgang. Faktum er at kommunen ikkje har nok personell tilgjengeleg til å auke kapasiteten utan vidare. Og denne føresetnaden er viktig å forstå. Dette handlar om dei utfordringane kommunen i større grad vil møte fram i tid. For å snu utfordringa på hovudet, handlar ikkje dei kommande demografiutfordringane med fleire eldre om økonomi og pengar i hovudsak. Dette handlar om kor mange arbeidsaktive det er pr antal eldre. Pandemien har gjeve kommunen ei forsmak på det som ventar, nemleg ein situasjon der ein ikkje har nok personell tilgjengeleg for å løyse oppgåvene. Dette er utgangspunktet for prosjektet framatidig bu -og tenestetilbod, som skal gje kommunen eit godt beslutningsgrunnlag til korleis å gjere denne omstillinga. Vi må løyse oppgåvene på ein annan måte enn i dag, skal vi klare å yte nødvendige helsetenester med færre yrkesaktive pr antal eldre. Når det er sagt, har tenesta ila siste året og gjennom heile pandemien fortløpande handtert og imøtekome behovet til brukarar som har fått innvilga vedtak etter behovskartlegging.

Ny rapportering blir gjeve i formannskapet 20.04:

3. Trond Volden:

Kan Lom kommune organisere ei ny forestilling med "drive in" kino att ifm. påska?

Administrasjonssjefen sjekker ut med Utgard om det let seg gjere